

VEDLEGG 1


Mørkets time, den tredje dagen i skuggemånaden.

Mine eksperiment har vore utilfredsstillande. Skikkelsane eg har vekka ved å mikse Skuggeelixir med Blodmånaserum er svake, kraftlause skuggar av den uhyrlege styrken eg eigentleg søker. Den første skuggedemonen eg freista å hente fram knuste speigelen før den klarte å kome ut. Den andre kom seg ut, men døydde etter kort tid. Planen no er å la dei ta plass i mitt lekam, og la dei få næring frå meg for å bli sterkare. Eg fann at ved å blande miksturen sakte, slik at røyken siv forsiktig på speigelen, vart portalen i speigelen meir stabil. Eg satte meg klar på golvet, med opne armar og open munn, og demonen flaug inn i meg! Når eg kjenner den er sterk nok skal eg mane den ut av meg. I verste fall kan eg reversere miksturen og lokke den forfengelige tilbake i speigelen.

Skunringens time, den fjerde dagen i skuggemånaden.

Grev Lysfall er utolmodig og har bedt meg om å få fart på arbeidet. Han skjønner ikkje at det vil ta tid å bygge vår hær. I dag prøvde eg uansett å innnta enda ein skuggedemon, slik at eg kunne fø fram to, om gongen. Men demonen må ha sansa at eg allereie hadde ein gjest, og rømte før eg fekk sendt den tilbake.

Eg merkar også at eg har ein gjest. Smertene er store, men uthaldelege når eg tenkjer på resultatet. Eg ristar til tider ukontrollerbart, sveittar og har hetetokter. Av og til kjennes det som om demonen tek over. No har den snart vore i meg eit døgn. Eg lar dei gå eit døgn til før eg vurderer å avbryte forsøket.



VEDLEGG 3

